



Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Rapport etter tilsyn

# Kommunal beredskapsplikt

Sande kommune

Tilsynsdato: 11.11.2013

Rapportdato: 14.02.2014

## Innhold

<b>1</b>	<b>BAKGRUNN OG GJENNOMFØRING.....</b>	<b>3</b>
1.1	FØREMÅL OG HEIMELSGRUNNLAG.....	3
1.2	PÅLEGG OM GJENNOMFØRING .....	3
1.3	TILSYNSTEMA .....	4
1.4	GRUNNLAGSDOKUMENTASJON.....	4
1.5	GJENNOMFØRING .....	5
<b>2</b>	<b>HOVUDINNTRYKK .....</b>	<b>6</b>
<b>3</b>	<b>RESULTAT FRÅ TILSYNET .....</b>	<b>7</b>
3.1	AVVIK .....	7
3.2	MERKNADER .....	8
<b>4</b>	<b>VIDARE OPPFØLGING.....</b>	<b>9</b>

## 1 Bakgrunn og gjennomføring

Tabellen nedanfor oppsummerer nøkkelopplysningene om gjennomføringa og vidare oppfølging. Dei vidare avsnitta gir utfyllande opplysningar om heimelsgrunnlag, grunnlagsdokumentasjon og deltararar.

<b>Tidspunkt for tilsynet:</b>	26.08.2013 (formøte) 11.11.2013 (tilsyn)
<b>Adressa til kommunen:</b>	6084 Larsnes
<b>Kommunenummer:</b>	1514
<b>Kontaktperson i kommunen:</b>	Oddbjørn Indregård
<b>Fylkesmannen sitt tilsynslag:</b>	Ketil Matvik Foldal (tilsynsleiar) Odd Morten Taagvold
<b>Tilsynsrapporten er skriven av:</b>	Ketil Matvik Foldal
<b>Tilsynsrapporten er godkjent av:</b>	Ketil Matvik Foldal (fylkesberedskapssjef)
<b>Førebels tilsynsrapport sendt:</b>	10.12.2013
<b>Endeleg tilsynsrapport sendt:</b>	14.02.2014
<b>Kommunen sin frist for oppfølgingsplan:</b>	01.04.2014

### 1.1 Føremål og heimelsgrunnlag

Føremålet med tilsynet er å sjå til om Sande kommune sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap er i samsvar med aktuelle krav fastsett i sivilbeskyttelseslova og forskrift om kommunal beredskapsplikt.

Tilsynet er gjennomført med heimel i § 29 i sivilbeskyttelseslova og § 10 i forskrift om kommunal beredskapsplikt.

### 1.2 Pålegg om gjennomføring

I Justis- og beredskapsdepartementet sitt embetsoppdrag til fylkesmennene er det fastsett at fylkesmannen skal føre tilsyn med kommunane sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap. Om gjennomføringa seier embetsoppdraget at:

"Tilsynet skal planlegges og gjennomføres i samsvar med DSBs tilsynsveileder.  
Fylkesmannen skal ha en årlig rullerende tilsynsplan som over en fireårsperiode innebærer minst ett tilsyn i alle kommuner.."

### **1.3 Tilsynstema**

I møte mellom DSB og fylkesmennene i februar 2013 presiserte DSB at alle krav i forskrift om kommunal beredskapsplikt skal vurderast under tilsyna i 2013.

### **1.4 Grunnlagsdokumentasjon**

Desse dokumenta vart sende frå kommunen til fylkesmannen før tilsynet:

Nr.	Dokument	Datering
1.	Kriseplan for Sande kommune	01.07.2013
2.	Informasjonsplan – beredskap for Sande kommune	01.07.2013
3.	Lokal energiutgreiing for Sande kommune 2011	November 2011
4.	Beredskapsplan mot akutt forureining for Sunnmøre	01.03.2006
5.	Pandemiplan for Sande kommune	22.06.2009
6.	Reguleringsplan Storehaugen – planprogram, planomtale, KU, ROS mv.	2010-2012
7.	Delegasjonsreglement for Sande kommune	01.11.2011
8.	Kommuneplan for Sande kommune 2008-2020 – samfunnsdelen	17.02.2009
9.	Kommuneplan for Sande kommune 2013-2025 – arealdelen	In prep.
10.	Kommuneplan – arealdelen 2013-2025, Overordna ROS-analyse	In prep.
11.	ROS-analyse for personvern og informasjonstryggleik	Ikkje datert
12.	ROS-analyse for Sande brannvern	01.06.2010
13.	Referat frå møte i kriseleriinga	19.09.2013
14.	Øvingsmelding frå diskusjonsøving i kriseleriinga	19.09.2013
15.	Evalueringsrapport etter Øving Fårkål 2012	24.10.2012

## 1.5 Gjennomføring

Felles formøte for Ulstein og Sande kommunar vart gjennomført i Ulsteinvik 26.08.2013. Tilsynsbesøk med opningsmøte, intervju og sluttmøte vart gjennomført på Larsnes 11.11.2013. Kven som deltok går fram av tabellen under.

Deltakarar	Stilling	Formøte	Opmøte	Intervju	Sluttmøte
Dag Vaagen	Ordførar	X			
Asbjørn Moltudal	Rådmann	X	X	X	X
Oddbjørn Indregård	Beredskapskontakt	X	X	X	X
Kari-Johanne Skarmyr	Leiar omsorgsgruppa		X	X	X
Kjell Martin Vikene	Brannsjef		X	X	X
Ketil Matvik Foldal	Fylkesberedskapssjef	X	X	X	X
Odd Morten Taagvold	Rådgjevar	X	X	X	X

## 2 Hovudinntrykk

Både dokumentgjennomgangen og tilsynsbesøket viste at Sande kommune er medviten om oppgåver og ansvar for samfunnstryggleik og beredskap. Dei fleste viktige elementa innanfor den kommunale beredskapsplikta er på plass. Kommunen arbeider målretta og systematisk med fagområdet og har eit godt grunnlag å byggje vidare på.

Den viktigaste brikka som førebels manglar, er ein heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse.

Kommunen har også noko å hente ved å få etablert ei operativ overbygning, oversikt og ramme for kommunen sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap – eit bindeledd mellom strategiske planar og ROS-analysar, beredskapsplanverk og aktivitet. Nokre av planane og dokumenta som ligg føre kan også justerast slik at dei endå tydelegare kan relaterast til aktuelle forskriftskrav og føringer.

### 3 Resultat frå tilsynet

Tilsynet avdekte tre avvik. tre forhold er kommenterte som merknader.

#### 3.1 Avvik

Avvik er definert som manglende oppfølging av krav fastsett i sivilbeskyttelseslova §§ 14 og 15 og/eller i forskrift om kommunal beredskapsplikt.

##### Avvik nr. 1

Sande kommune manglar heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse.

*Regelverkstilvising:*

Sivilbeskyttelseslova § 14 og forskrift om kommunal beredskapsplikt § 2

*Utdjupande kommentar:*

Den heilskaplege risiko- og sårbarheitsanalysen er den viktigaste berebjelken i den kommunale beredskapsplikta. Utarbeiding av heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse for Sande kommune, skal i samsvar med kommunen sin planstrategi gjennomførast i 2015 – som del av «Plan for samfunnstryggleik».

ROS-analysen som er under utarbeiding, og som skal leggast til grunn for rullering av kommuneplanen sin arealdel, omfattar dei fleste momenta som ein heilskapleg ROS-analyse skal innehalde. Etter fylkesmannen si vurdering vil denne ROS-analysen, med relativt enkle grep, oppfylle alle krav til ein heilskapleg ROS-analyse.

##### Avvik nr. 2

Sande kommune sin beredskapsplan oppfyller ikkje forskriftskravet om å samordne og integrere anna beredskapsplanverk i kommunen.

*Regelverkstilvising:*

Forskrift om kommunal beredskapsplikt § 4, første ledd, andre punktum.

*Utdjupande kommentar:*

Forskrift om kommunal beredskapsplikt fastset i § 4 ei rekke minimumskrav til beredskapsplanen sitt innhald og planen sin funksjon.

Sande kommune sin beredskapsplan (Kriseplan Sande kommune) er per no det øvste strategiske og operative beredskapsplanverket i kommunen. Verken denne planen eller andre dokument som er knytte til planen gir tilfredsstillande oversikt over det samla beredskapsplanverket i kommunen. Sande kommune sin beredskapsplan oppfyller alle andre minimumskrav.

##### Avvik nr. 3

Sande kommune kan ikkje dokumentere skriftleg at krava i forskrift om kommunal beredskapsplikt er oppfylte.

*Regelverkstilvising:*

Forskrift om kommunal beredskapsplikt § 9.

***Utdjupande kommentar:***

Dei langt fleste forskriftskrava er oppfylte, og dette byggjer sjølv sagt på at det føreligg skriftleg dokumentasjon av ulike typar. Kommunen har likevel ikkje dokumentasjon på *alle* forskriftskrav er oppfylte – verken enkeltvis eller i ei samla framstilling.

### **3.2 Merknader**

Merknader er definerte som forhold som ikkje oppfyller definisjonen av avvik, men som fylkesmannen meiner det er grunn til å påpeike for å sikre god oppfølging av beredskapsplikta.

**Merknad nr. 1**

Den heilskaplege risiko- og sårbarheitsanalysen sin plass og funksjon i det strategiske plansystemet bør synleggjerast og tydeleggjerast. I gjeldande planstrategi er ROS-analysen lagt inn som ein del av «Plan for samfunnstryggleik (2015)».

Slik reglane om kommunal beredskapsplikt er oppbygde, har den heilskaplege risiko- og sårbarheitsanalysen ei heilt avgjerande plass- og funksjon som strategisk prioriteringsgrunnlag. Etter fylkesmannen si vurdering er det viktig at dette også framgår av kommunen sine strategidokument.

**Merknad nr. 2**

Kommunen bør vurdere utarbeiding av ein plan eller anna styringsdokument som kan fungere som ei operativ overbygning, oversikt og ramme for kommunen sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap – eit bindeledd mellom strategiske planar og ROS-analysar, beredskapsplanverk og aktivitet. To av avvika som er avdekte i tilsynet gjeld forhold som kan ivaretakast gjennom ei slik overbygning. Det same gjeld andre konkrete forhold som ikkje oppfyller definisjonen av avvik, men der kommunen har forbettingspotensial – for eksempel:

- tydelegare rutinar for evaluering – både av øvingar og reelle hendingar
- tydelegare rutinar for planrevisjon og plansamordning
- tydelegare rutinar for faste møte i kriseleiinga og beredskapsrådet

**Merknad nr. 3**

Kommunen bør vurdere ein gjennomgående revisjon av beredskapsplanverket – plan for kriselerding og delplanar/sektorplanar. Potensialet for forenkling er truleg større enn behovet for nybrotsarbeid. Kommunen bør i denne samanhengen vurdere om heile planverket – plan for kriselerding og delplanar/sektorplanar bør løftast over på Kvalitetslosen og/eller CIM.

## 4 Vidare oppfølging

Fylkesmannen ber om at kommunen lagar ein plan for når og korleis dei avdekte avvika skal følgjast opp. Planen skal sendast til fylkesmannen seinast seks veker etter tilsynsrapporten er motteken.

Med utgangspunkt i kommunen sin plan, vurderer fylkesmannen om tilsynssaka kan avsluttast. Kommunen får tilbakemelding om dette seinast tre veker etter fylkesmannen har motteke kommunen sin oppfølgingsplan.

Dersom kommunen har spørsmål om tilsynsrapporten eller oppfølginga, kan fylkesmannen sin tilsynsleiar kontaktast:

Ketil Matvik Foldal, [ketil.matvik.foldal@fylkesmannen.no](mailto:ketil.matvik.foldal@fylkesmannen.no), 71258483 / 41693480.